



Dette er pensjonistboligen i Tyssedal som no blir asylmottak. (Foto: Hardanger Folkeblad)

Uskedelingen Tommy Røssland er eigar av den gamle pensjonistboligen i Tyssedal, som frå midten av januar vil bli nytta som asylmottak med 40 plassar.

UDI har gjeve firmaet Lopex løyve til å oppretta mottak med tilsaman 130 plassar i Odda kommune. Dei andre plassane vil vera andre stader i kommunen, fordelt på enkeltbustader eller hus.

Røssland opplyser til Uskedalen.no at han kjøpte huset allereie sist sommar, då det enno ikkje vart avgjort om det ville bli mottak der, men no er alt klart. Han skal ikkje driva asylmottaket sjølv, men leier det ut til Lopex, som har mottak i drift fleire stader på Vestlandet.

Opprettinga av asylmottak i Odda skjer mot kommunen si vilje og ordfører Gard Folkvord seier til Hardanger Folkeblad at det her er tale om overstyring frå Staten si side. Men han lovar at kommunen vil gjera det beste ut av situasjonen.

Etter det Uskedalen.no kjenner til var Røssland også inne i biletet i då eit eventuelt asylmottak på Husnes vart drøfta.

Av Ola Matti Mathisen